



ULVIK HERAD

Dok.dato:5.10.2012
12/478-1

Vår Ref: K1-613-

REVIDERTE UMLEIGEREGLAR/BRUKSREGLAR FINSE SKULE KOPIERT FRÅ 04/64-10. OPPDATERT 30.08.2016

1. Ulvik herad ved Tenestetorget er ansvarleg for utleige av Finse Skule. Tenestetorget administrerer drifta og utleigeordninga. Den same er klageorgan.
2. Det er 16 senger knytt til lærarbustaden, av desse er 6 senger i klasserommet og 10 senger i 2. etasje. Det er 8 senger i kjellar. Det er forbod mot overnatting på loftet.
3. Lærarbustaden er til bruk for kommunalt tilsette og leirskuleopphald. Dersom lærarbustaden er ledig, kan lokale lag og organisasjonar få leiga denne.
4. Kjellaren er primært til bruk for lokale lag og organisasjonar og dei fastbuande på Finse. Dersom kjellarhusværet ikkje er i bruk, har heradstilsette høve til å leiga dette.
5. Ved leige skal det gjevast opp namn på ansvarleg leigar. Ansvarleg leigar mottek stadfesting på leigetilhøve.
6. Nøkkel utleverast på Tenestetorget eller ta kontakt med Tenestetorget på tlf: 56527000, postmottak@ulvik.kommune.no
7. Til vanleg er leigetida inntil 1 veke pr. gong. I påskeferie, vinterferie (skuleferie) og jakttida og jol/nyttår er leigetida 4 dagar pr. gong dersom det er fleire søkjarar. Ved leige i påskeferie/vinterferie skal utleigeansvarleg på Tenestetorget avgjere utleige etter søknad innan 15.01. kvart år.

Ved fleire ynskje på same periode vert utleige avgjort etter loddtreking. Dei som har leigd eit av dei tre siste åra stiller sist i køen. Ved leige i jakttida skal utleige avgjerast etter søknad innan 30.06. kvart år. Ved leige jol/nyttår skal utleige avgjerast etter søknad innan 30.09 kvart år. Er det ledig husvære etter hovudsøknadsfristen kan dette tildelast etter som søknadene kjem inn.

8. Ulvik Røde Kors Hjelpekorps får leiga leilegheita under Skarverennet. Kommunalt tilsette kan leiga kjellaren. Utleige vert avgjort ved loddtreking etter søknad 30.09. kvart år. Dei som har leigd eit av dei tre siste åra stiller sist i køen.
9. Leiga vert justert i samband med den årlege budsjetthandsaminga. Barn under 16 år overnattar gratis på Finse Skulehus (gjeld ikkje leirskule!). Ein må betale leige for antall bestilte netter dersom ein melder avbod mindre enn 3 dagar før avtala opphald.

10. Huset skal vaskast og ryddast etter bruk, sjå egne oppslag med rettleiing for reinhald og boslevering.

11. Leigetakar har ansvaret for å:

- Lata att alle vindauger, sløkkja ljøs og låsa dører, også i vedhuset.
- **At det står på straum i opphaldsrom og bad, vel 20 grader.**
- Levera nykkel i billettluke på Finse Stasjon/i postluke på tenestetorget
- Elles ha orden og sømd i og kring huset.
- Om hausten å setje på Elvestad røyrvarme på drifts-trinn (dette er plassert på toalett i kjellar)
- Om hausten å setje på skodder framfor kjellarglasa (dersom dei skulle vere fjerna)
- Melde tilbake til tenestetorget etter bruk om antal vaksne leigetakarar

12. Leigetakar er ansvarleg for skader på hus eller innbu, og pliktar å melde frå dersom det er feil/manglar/skade på Skulehuset. Ansvarleg leigetakar pliktar og å setje seg inn i branninstruks for Finse skule, som står som oppslag i bustad og kjellar.

13. Leigetakar må retta seg etter utleige-/og bruksreglar for Finse skule. Dersom leigetakar ikkje held dei reglar som er fastsett, kan det verta pårekna ekstra kostnad for leigetakar. Ulvik herad kan og stengja vedkomande leigetakar ute frå huset i stuttare eller lengre tid.

14. For huset gjeld elles dei ålmenne politivedtektene.

Ulvik

.....

For Tenestetorget i Ulvik herad .